



Arkivnr: 2014/13889-130
Saksbehandlar: Marit Selberg Sigurdson

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		26.02.2019

Aktivitetsmidlar for 2019 - søknad frå Trygg Trafikk

Samandrag

Trygg Trafikk sine årlege aktivitetsmidlar til trafikksikringstiltak vert dekkja over Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) sitt budsjett. Distriktsleiaren utarbeidar kvart år ein søknad til FTU med omtale av dei planlagde aktivitetane det komande året. Søknaden for 2019 er på 800.000 kr, fordelt på fire hovudaktivitetar. Fylkesrådmannen rår til midlane vert tildelt slik det går fram av søknaden.

Økonomi: Årleg løyving i Fylkestrafikksikringsutvalet sitt budsjett.

Klima: Aktivitetsmidlane kan bidra til å auke gange- og sykkelandelen, og redusere bilandelen i fylket.

Folkehelse: Auke trafikktryggleikskompetansen i befolkninga, påverke born og unge til å byrje å sykle i ung alder.

Regional planstrategi: Ein del av Investeringsprogrammet for fylkesvegnettet i Hordaland og Regional transportplan Hordaland 2018-2029.

Forslag til vedtak

Trygg Trafikk Hordaland vert tildelt 800.000 kr i aktivitetsmidlar for 2019.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 11.02.2019**Bakgrunn**

Trygg Trafikk sine årlege aktivitetstilskott er dekkja over Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) sitt budsjett. Distriktsleiaren utarbeider kvart år ein søknad til FTU med omtale av dei planlagde aktivitetane det komande året. Søknaden for 2019 er på 800.000 kr, fordelt på fire hovudaktivitetar. Den femte planlagde aktiviteten, prosjektet Hjertesone, vart starta opp i 2018. Bergen kommune og fylkeskommunen har her gått saman om ei prosjektstilling som er lagt til Trygg Trafikk. Det fylkeskommunale bidraget er på 500 000,- for 2019. Midlane til denne stillinga går over ein eigen post i FTU sitt budsjett.

Om aktivitetstilskottane til Trygg Trafikk

Aktivitetstilskottane til Trygg Trafikk er ei ordning som ligg fast, og er regulert gjennom ein eigen samarbeidsavtale. Midlane vert å hente frå FTU sitt budsjett. Aktivitetstilskottane er grunnlaget for distriktsleiaren sine tiltak og aktivitetar i fylket. Kjerneområda til Trygg Trafikk har tradisjonelt vore retta mot born og unge, og i stor grad vore trafikkopplæringsaktivitetar i barnehage og skule. I søknaden vert det mellom anna vist til aktivitetar som Barnas trafikkklubb, teaterframføringa «Laffen», materiell og rettleiing til elevar, lærarar og foreldre, samarbeid med Norges cykleforbund om «Sykkelkids»-prosjekt, innkjøp og utdeling av tryggleiksutstyr, i tillegg til aktivitetar for russ og vidaregåande skular.

Trafikkopplæringa og aktivitetane retta mot born og unge er framleis særleg viktige innsatsområde for Trygg Trafikk, samstundes som distriktskontoret ønskjer å styrkje satsinga på konseptet Trafikksikker kommune. Dette er i samsvar med Hordaland fylkeskommune sine prioriteringar og målsettingar, og er forankra i både investeringsprogrammet for fylkesvegnettet og Regional transportplan.

I den grad det er trong for det, ønskjer distriktsleiaren å ha handlingsrom til å kunne omdisponere midlane mellom tiltaka og aktivitetane, innanfor ramma på 800.000 kr. Distriktsleiaren vil til ei kvar tid kunne rapportere til FTU på bruk av midlane gjennom året, i tillegg til den faste årsrapporten. Ved større budsjettendringar innanfor aktivitetstilskottane, kan FTU be om at dette vert lagt fram som eiga sak.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Distriktsleiaren sitt arbeid er vidareutvikla dei siste par åra, og fylkesrådmannen ser at det vert arbeid godt med dei ulike prosjekta. Oppfølginga og koplinga til fylkeskommunen sin handlingsplan og regionale og nasjonale målsettingar er godt fundert. Fylkesrådmannen rår til midlane vert tildelt slik det går fram av søknaden.